



Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Vår ref.:
2021/651-8

Sakshandsamar:
Inger Siri Lidi
inger.siri.lidi@bygland.kommune.no

Dato
01.02.2022

MELDING OM VEDTAK

Varsel om oppstart av planarbeid, RV9 Neset, kurveutbetring

I møte til Plan- miljø og ressursutvalet den 01.02.2022 vart det fatta følgjande vedtak:

- Bygland kommune er positive til framlagde oppstart av planarbeid for kurveutbetring langs Rv 9 Neset.
- For å førebu eit ønska framtidsbiletet endå meir tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, så hadde det vært ønskeleg at planområdet blir utvida med tanke på å leggje tilhøva til rette for framtidig bygging av Gang – og sykkelveg mellom Grendi og Byglandsfjord.

Ein ber Statens Vegvesen vurdere moglegheitene for å utvide planområdet til å gjelde strekinga fram til 2 odde nord for Revsnes og eventuelt til Grendi.

Vedlagt følgjer saksframstillinga.

Klagerett

Vedtaket kan klagast over til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen, jfr. Forvaltningsloven §§ 28 og 29.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som ein ønskjer, og dei grunnar du vil påpeike for klaga jfr. Forvaltningsloven § 32.

Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du også oppgje når denne meldinga kjem fram. Sakshandsaming i klagesaker følgjer §§ 28-36 i Forvaltningslova.

Med helsing
Bygland kommune

Inger Siri Lidi
Ingeniør plan og oppmåling

Vedlegg:
1 Saksframlegg med vedtak